

Frå nyttår og utover sommaren blir det graving, sprenging og massetransport i Kleppevegen ved Myrane.

Nytt gangmønster for gåande

Frå og med måndag 08.januar 2024 vert Øvre Kleppe-vegen stengt ved kryss til fylkesvegen 5254.

Det er mange gåande som ferdast langs anlegget, og blant desse er det mange skuleborn.

Frå 08. januar må mjuke trafikantar ferdast via gangsti frå Øvre Kleppe med trapp frå Rundehaugvegen til Grønnlivegen, samt via Listerholene. Entreprenør skiltar skolevegen til Kleppestø barne-, ungdoms- og vidaregåande skule.




Endringar i kart og gangmønster finn du på vlfk.no/myrane

Omlegging av fortau, busshaldeplassar og overgangsfelt

Aktivitetane på anlegget krev at anleggsgjerde må setjast opp, og fortau, busshaldeplassar og overgangsfelt må omleggjast som eit resultat av dette.


Entreprenør skal skilte omlegging, etablera nytt overgangsfelt ved Kleppevegen 18, og vise ekstra omsyn i tidsrommet rundt skolestart- og slutt.

Skyss er informert om endringane som gjeld omlegging av busshaldeplassar



Dette er viktig for oss:

- Me set liv og helse framfor alt. Naudetatar og renovasjon slemper alltid gjennom anleggsområdet vårt.
- Anleggstrafikk gir meir støy og støv. I samarbeid med entreprenør blir vegen kosta og halden ryddig undervegs i anleggsperioden, og me tek så mykje omsyn som me kan til kvar tid.



Utklipp frå vlfk.no/myrane

Kontaktinformasjon

Har du spørsmål?

Kontaktperson: Ingrid Fjordheim Sunde, byggeleder

Send e-post: ingrid.margrethe.fjordheim.sunde@vlfk.no

Mobil: 930 94 723